



MØTEINNKALLING

Utval: Forvaltningsstyret
Møtestad: Møterom A, Volda rådhus
Dato: 15.01.2008
Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/08	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/08	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/08	Søknader om tilskot frå Spelemidlane til Idrettsformål 2008 Kommunal <u>prioritering</u>

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2008/20

Arkivkode: D11, &18

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/08	Forvaltningsstyret	15.01.2008

SØKNADER OM TILSKOT FRÅ SPELEMIDLANE TIL IDRETTSFORMÅL 2008

KOMMUNAL PRIORITERING

Administrasjonen si tilråding:

Med grunnlag i mottekne søknader og framlegg til handlingsprogram i Kommunedelplan for Fysisk aktivitet og plan for idrett friluftsliv og nærmiljø for perioden 2008- 2012, har Volda kommune følgjande framlegg til prioritering av søknader for 2008:

Kategori idrettsanlegg:

1. *VTI –Fotball – kunstgrasbaneanlegg med lysanlegg (fornya søknad)*
2. *Volda skisenter - Utskifting av trekk i hovudanlegget*
3. *Volda Jeger og Sportsfiskarlag, aktivitetsnaust Årneset*
4. *Dalsfjord Skule, kunstgrasanlegg med lys*
5. *Volda skisenter - Nytt barneskitrekk*
6. *Volda skisenter - Opparbeiding av barneskibakke med lysanlegg*

Kategori Nærmiljøanlegg:

1. *Øyra skule/fritidspark (fornya søknad)*
2. *Bratteberg Skule, aktivitetsområde (fornya søknad)*
3. *Bratteberg Skule, ballbinge (fornya søknad)*

Vedleggsliste:

Søknadsskjema for fornya søknader:

- VTI-Fotball – kunstgrasbaner med lys
- Øyra Skule - fritidspark (fornya søknad)
- Bratteberg skule, aktivitetsområde (fornya søknad)
- Bratteberg Skule, ballbinge (fornya søknad)

Søknadsskjema med dokumentasjon vedkomande nye søknader:

- Volda Jeger og Sportsfiskarlag, aktivitetsnaust Årneset
- Dalsfjord Skule, kunstgrasanlegg med lys
- Volda skisenter – tre søknader:
 - Utskifting av trekk i hovudanlegg
 - Nytt barneskitrekk
 - Opparbeiding av barneskibakke med lysanlegg.

Eige vedlegg:

Framlegg til Kommunedelplan for Fysisk aktivitet og anlegg for idrett-, friluftsliv og nærmiljø, med framlegg til prioritert handlingsprogram.
Tilråding til planutval/kommunestyre vedkomande plan.

Saksopplysningar:

Volda kommune har i samband med annonsering av ordning med tilskot frå spelemidlane i 2008 motteke 6 søknader knytt til ordinære idrettsanlegg.

Dette gjeld følgjande:

| **VTI - Fotball**, tilskot til kunstgrasbane Volda stadion (fornya søknad)

Volda Jeger og Sportsfiskarlag, aktivitetsnaust Årneset

Dalsfjord Skule, kunstgrasanlegg med lys

Volda skisenter – tre søknader:

Utsifting av trekk i hovudanlegg

Nytt barneskitrekk

Opparbeiding av barneskibakke med lysanlegg.

Vidare er det motteke 3 søknader knytt til Nærmiljøanlegg:

Øyra skule/fritidspark (fornya søknad)

Bratteberg Skule, aktivitetsområde (fornya søknad)

Bratteberg Skule, ballbinge (fornya søknad)

Kommunedelplan:

Det er i 2007 gjennomført planprosess knytt til revisjon av kommunedelplan for Fysisk aktivitet og anlegg for idrett-, friluftsliv og nærmiljø.

Planframlegget er ferdig og er etter off. ettersyn lagt fram for Det faste planutvalet for handsaming den 14.01.2008. Eg legg til grunn at planen vert godkjent i kommunestyret den 31.01.2008.

Tilrådinga til planutvalet og planframlegget med prioritert handlingsprogram ligg ved saka.

Som ein ser er alle dei mottekne søknadane knytt til prosjekt som er med i kommunedelplanen, og har prioritert plass i handlingsprogram i plan.

Ein av søknadane til ordinære anlegg og alle tre av nærmiljø søknadane gjeld fornya søknader frå 2007.

Det er i budsjett for 2008 berre sett av midlar til eigenkapital for eit kommunalt nærmiljøanlegg. Det er likevel valt å fremje alle tre søknader no. Dersom det vert gitt tilsegn om tilskot frå spelemidlane til fleire av nærmiljø søknadane tek ein sikte på å fremje ny finansieringssak for kommunestyret.

Ein av søknadane frå Volda Skisenter as har også vore med tidlegare, men har falle utanfor prioritering etter som søknaden ikkje kunne reknast som fullstendig då det mangla grunnavtalar. Det er no av Kyrkje og kulturdep. gitt dispensasjon frå kravet om min. 40-års grunnavtale slik at søknader kan sendast inn i år. Bakgrunn for dette er den pågåande prosess knytt til innløyising av grunn, der kommunen har påteke seg ansvar for å ivareta dette.

Som grunnlag for prioriteringa viser eg til framlegg til handlingsprogram i Kommunedelplan for Fysisk aktivitet og plan for idrett friluftsliv og nærmiljø, og har følgjande framlegg til prioritering:

Kategori idrettsanlegg:

1. **VTI –Fotball** – kunstgrasbaneanlegg med lysanlegg (fornya søknad)
2. **Volda skisenter** - Utsifting av trekk i hovudanlegget
3. **Volda Jeger og Sportsfiskarlag**, aktivitetsnaust Årneset

4. **Dalsfjord Skule**, kunstgrasanlegg med lys
5. **Volda skisenter** - Nytt barneskitrekk
6. **Volda skisenter** - Opparbeiding av barneskibakke med lysanlegg

Kategori Nærmiljøanlegg:

1. **Øyra skule**/fritidspark (fornya søknad)
2. **Bratteberg Skule**, aktivitetsområde (fornya søknad)
3. **Bratteberg Skule**, ballbinge (fornya søknad)

.....
Jarle B. Krumsvik
Adm.sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Går som melding til Møre og Romsdal Fylke, Kulturavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde

Kopi med melding i Forvaltnings sak til:

VTI-Fotball
VTI- Allianseidrettslag
Volda Jeger og Sportsfiskarlag
Volda Skisenter as
Øyra skule
Bratteberg skule

Kopi: Kultur og næringsavd.
Kommunalteknisk avd.
Skuleavdelinga
Eigedomsavdelinga
Idrettsrådet